



TOKKE KOMMUNE

NÆRINGSAVDELINGA

PRESSEMELDING.

Årets elgjakt er avslutta. I Tokke er vi, totalt sett, godt nøgde med avskytinga .

Viltnemnda gav ei kvote på 299dyr og det vart felt 247 dyr. **Det er ein fellingsprosent på 83 . Det er 1dyr meir enn i 2006.** Fellingsprosenten då var 85 %. Det vart då felt 246 dyr av ei kvote på 290 dyr.

Fordeling på alder og kjønn er svært god . Når det gjeld kalv og ungdyr vart det felt 36 og 23 % . Eldre kyr 18 % . I høve hodyr –hanndyr 47 –53. Her har vi ei utfordring. Vi må spare meir på eldre store oksar. Vi ser også at når stamma går ned skyt vi fleire kyr og færre kalvar. Er det logisk å skyte fleire vaksne hodyr og spare kalv for å sikre stamma??

Vi har felt 59% kalv og ungdyr. Dette er 5 % mindre enn i 2006. Mengda kalv har lege stabilt på 38-40 % . Vi ser no dette litt merkelege at ein skyt vaksne dyr som før og sparer kalv. Vi ligg på eit høgt nivå i høve til andre kommunar og vi skyt tilveksten. I høve til skadeskyting er vi rimeleg nøgde, når ein ser storleiken på kvota.

Vi oppmoda jaktlaga til å felle små uproduktive dyr . Det ser vi på vektene er begge delar, men det var og forventa. Det kjem truleg av nedgang i stamma . Når vi skyt nedover stamma er det viktig å spare stor fine produksjonsdyr, særleg store hanndyr ser vi er utsette.

Tokke kommune er atypisk i høve til korleis vi forvaltar elgstamma. Vi har framleis ei fin stamme med rimeleg god utvikling. Vi reduserer den nedover forsiktig og sparer på produksjonsdyra og skyt hardt på kalv i motsetnad til dei fleste andre. Når vi ser rundt oss, ser det pr. i dag ut som det er ein stødig veg å gå.

Slik vi kan vurdere elgstamma i dag, etter ”sett elg ” skjema for 2007, så har vi ei elgstamme pr. 01.01.08 som er om lag som sist år. Det er litt overraskande då vi trudde kvota var litt høg i 2007, men vi hadde ein høg kalveproduksjon i 2006. Kvota vår no ser ut til å vera tilveksten. Spørsmålet er korleis vi vil ha stamma .

Det vi ser er ein større variasjon. Vi ser no at avskytinga i kommunen er slik at vi trur ein bør ha sama minsteareal framover på sørsida og nordsida av Bandak.

Produktiviteten målt i sett kalv pr. kalvku ser vi er stabil. Vi ser på sett kalv at det er litt ulikt rundt forbi . På nordsida av Bandak er det mindre kalv enn i 2006 , mens sør og vest er det bra med kalv.

Vi trur framleis stamma bør litt nedned. Føresett ein normal vinter trur vi at kvotene for elg i 2008 vil vera om lag som i 2007.

Slik stoda er pr. i dag vil mogeleg ei stamme med minsteareal 3.000 –3.500 da bak kvart dyr vera ei berakraftig stamme. Utviklinga i skogbruket vil ha mykje å seia .

Når det gjeld hjort, så er vi framleis ikkje flinke nok til å jakte på dette hjorteviltet. Det vert sett av for lite tid til denne jakta og organiseringa er alt for dårleg . Svært mange lag sender inn fellingsrapporten for hjort saman med elgen. Det er då 3 veker att av hjortejakta. Her må inn ein heilt anna organisering av hjortejakta. Dette er ei individuell jakt og jaktlaga må finne ei anna organisering på jakta slik at enkeltjegarar kan ut å jakte åleine. Det er vanskeleg å organisere, men det er det som gjev resultat.

Det er felt få dyr. Ein del jaktlag er no i ferd med å bli gode hjortejegarar. Kvota var på 132 dyr. Jaktida er utvida i år så resultatet ligg ikkje føre. Vi trur likevel det blir betre enn i 2006

Betre resultat på hjortejakta må, også neste år, vera eit satsingsområde for viltforvaltninga. Vi ser no at hjorten er i ferd med å gjera store skader på ungsbogen av gran. Det er alvorleg og stamma er i kraftig vekst i heile Vest- Telemark.

Fellingsresultata og ”sett elg ”for 2007 vil bli lagt ut på heimesida til Tokke kommune.

Dalen 2. januar 2008

Sverre Bakke
skogbrukssjef